ÅRSPLAN
2026/2027



TROLLSLETTA BARNEHAGE

TRYGGLEIK GJENNOM
LEIK OG UTELIV

VELKOMEN TIL EIT NYTT BARNEHAGEÅR I TROLLSLETTA BARNEHAGE

ÅPNINGSTID:
07.30-16.30

Trollsletta barnehage er ein foreldreeigd barnehage som vart etablert i 1986. Barnehagen ligg sentralt til i Volda med kort veg til både fjord og fjell. Vi er ein avdelingsfri barnehage, men er delt store og små i pedagogiske tider om dagane.

Vi har eit ynskje om å vere ein barnehage med mykje uteaktivitet, rørsle, glede og humor.

Gjennom leik og uteliv skaper vi trygge og nysgjerrige barn som får vekse i sitt eige tempo i omsorgsfulle fellesskap saman med andre.

Vi ynskjer å gje barna moglegheit til å utforske, utvikle seg og oppleve meistring i barnehage kvardagen. Såleis dannar vi ett godt grunnlag for utvikling, læring, glede og vennskap.

KONTAKTINFORMASJON

Adresse: Kårstadvegen 16
Telefon: 469 51 864
E-post: styrer@trollsletta.no
KidPlan (app)



TROLLSLETTA BARNEHAGE - TRYGGLEIK GJENNOM LEIK OG UTELIV.



MUSEGRUPPA
1-2 ÅR



EKORNGRUPPA
3 ÅR



REVEGRUPPA
4 ÅR



GAUPEGRUPPA
5 ÅR

DAGSRYTMA VÅR



Ei fast dagsrytme gjer at dagen blir oversiktlig og forutsigbar, og skapar tryggleik for barnet.

Vi ynskjer å dele borna inn i mindre grupper. Dette for å leggje til rette for eit innhald ut ifrå barnas behov, og tilpasse aktiviteten etter barnas alder og modning.



EIN TYPISK DAG

07.30	Barnehagen opnar - frileik
08.00	Frukost fram til 08.30 for dei som har med matpakke
09.30	Aktivitetar / Gruppedeling
11.00	Lunsj
12.00	Sovetid for dei minste / Uteleik
14.00	Lett måltid (knekkebrød, frukt, e.l.)
15.00	Frileik og rydding fram til barnehagen stenger 16.30

De vel sjølv korleis de ynskjer å nytte tida dykkar i barnehagen, men vi ber om at de gir **beskjed om barnet blir levert etter 09.30**. Dette er fordi aktivitetar som tur, forming, matlaging byrjar i dette tidsrommet. Særleg om vi skal på tur, er det greitt for oss å vite om barna blir levert seinare.

Følg med i **kalenderen i KidPlan**. Her vil det stå kva som er plan for dagen og veka.

Ein stad for utfaldelse, kreativitet og tryggleik i ein strabasiøs kvardag.

BARNEHAGEN SITT FORMÅL OG INNHALD

Formål:
Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å i vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religioner og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverkning tilpasset alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin egenverdi. Den skal bidra til trivsel i leik og læring, og være et utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likeverd, og motarbeide alle former for diskriminering.
(Barnehagelova §1).

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrsle og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen.

GREITT Å VITE



Henting og bringing: Åpningstida til barnehagen er 07.30-16.30. Vi ber om at de overheld desse tidene då dette også er arbeidstida til personalet. Om det er andre enn føresatte/foreldre som skal hente barnet i barnehagen, skal barnehagen ha melding om dette. Gje beskjed skriftleg i KidPlan og gjerne også muntlig ved levering.



Måltid: Barnehagen serverar to måltid i løpet av dagen. Om barnet skal ete frukost i barnehagen, tek de med matboks. I Trollsletta har vi stort fokus på eitt sunt og variert kosthald og vi fyll retningslinjene i høve dette. Det første måltidet er kring kl.11. Her serverar vi brød med variert utvalg av pålegg. Vi lagar også varmmat som mellom anna kan vere grønsaksuppe, varierte fisk-og kjøtrettar og liknande. Melk og vatn til drikke. Det andre måltidet er ca. 14.00 og dette er eitt lettmåltid med knekkebrød, brød og eit utval av pålegg. Til alle måltid vert det servert grønsaker og frukt.



Soving og vogner: Kvile og søvn er viktig for barn i vekst og vi legg til rette for at dette behovet vert stetta. Enten det er i form av å sove i vogn, få ei kvil på madrass eller liknande. For barn som skal sove i vogn så er det føresette som sjølve må stille med vogn, pose og anna utstyr. Det er også de som foreldre som er ansvarlege for at vogna er i god stand og at utstyret,t.d selar og posar, er trygge og tilpassa barnet. Ved oppstart må foreldra signer ei kontrakt knytt til dette. Når barna søv, har personalet sovevakt som vil seie at vi alltid er nær vognene og har oversikt over barna som søv.

GREITT Å VITE



Bursdagsfeiring: Når barnet har bursdag gjer vi litt ekstra stas på barnet denne dagen. Vi lagar krune saman med barnet, har bursdagssamling med barnet i fokus. Vi syng bursdagssong og "skyt opp rakettar". Barnet får velge seg en ting frå bursdagskassa vår. Det kan vere såpebobler, små leiker, klistermerker eller liknande.




Kle i barnehagen, merking av kle: Alle barna har sin eigen plass i garderoba. Her har barnet tre korger der dei skal ha kleda sine. I den øverste korga skal kle som barnet brukar inne vere. I den mellomste er det klede som barnet skal bruke ute og i den nederste er det til dømes. innesko/tøfler, smokk. På korgene heng det lappar med kva som skal vere i kvar korg. Det er viktig at de som foreldre fyll med på at barnet har det utstyret dei treng for å delta i alle aktivitetar, vere ute i all slags veir, samt at klede og utstyr er heilt, har rett størrelse og utan manglar. Når det manglar utstyr, t.d. regnkle vil barnehagen ringe og etterspør. Det er vidare viktig at alle klede, sko og anna utstyr er merka med barnet sitt namn.



KidPlan: Ved oppstart får de ei lenke der slik at dokke får logge dykk på systemet. I denne appen kjem all informasjon frå barnehagen. I kalenderen ser de kva gruppa til barnet skal gjere denne dagen, der ligg informasjon om når barnehagen til dømes er stengt. Her kjem også påmelding til opphald i jul, påske. Det er her de melder i frå om ferie, fri og sjukdom, samt svare på samtykker. De kan også sende beskjedar til gruppa og til styrar. Vi legg ut månadsbrev på slutten av kvar månad.

GREITT Å VITE



Sjukdomsfråvær: Når barnet er sjukt og må vere heime frå barnehagen, ber vi om at barnehagen får melding om dette. Barnet skal ha god allmenntilstand og vere friskt nok til å delta i alle aktivitetar når de leverar barnet i barnehagen. Sjekk ut FHI sine nettsider https://www.fhi.no/sm/barnehage eller ring barnehagen om du er i tvil om barnet kan kome i barnehagen.



Ferie og fri: Barnehagen er sommarstengt i veke 28, 29 og 30. Til jul og påske har vi ope etter behovsprøving. Det vert då sendt ut forespørsel om behov i KidPlan. Er det 5 eller færre barn påmelde vert barnehagen stengt. Om ein ikkje svarar på førespurnaden vert det rekna som at barnet har fri. Onsdag før Skjærtorsdag er barnehagen stengt jamfør vedtektene til barnehagen. Elles open mandag og tysdag før påskestengt.



Informasjon/KidPlan: Det aller meste av informasjon og beskjedar vil kome gjennom appen KidPlan. Gjer vel å fylgje med her. Her kan de også ta kontakt med oss for ting som ikkje hastar.



Teieplikt og politiattest: Alle tilsette i barnehagen har teieplikt etter §20 i Barnehagelova, jf. forvaltningslova §§ 13 til §13 f. Alle skal skrive undererklæring om teieplikt. Dei tilsette må også framlegge godkjent politiattest, jf. barnehagelova §19. Dette gjeld alle som skal arbeide i barnehagen.

PLANLEGGINGSDAGAR OG FAGDAGAR

Planleggingsdagar og fagdagar (for personalet) nyttast for å styrke kvaliteten i det pedagogiske tilbodet, samt å heve personalet sin kompetanse. Under desse dagane er barnehagen **stengt**.

Årets datoar er:

13 og 14 august 2026
30. oktober 2026
10. mars 2027
7. mai 2027



TRADISJONSFESTA & FASTE OPPLEGG I 2026/2027

August
Inkludering og fellesskap.
Skape felles opplevingar. Vennskap
- 13-14.08 Planleggingsdag
- 26.08 Årsmøte / foreldremøte

September
- 24.09 Trollsletta 40 år
- v.37 Friluftslivet si veke
- v.38 Brannvernveke



Oktober
24.10-1.11 Øyralangs.
-24.10 FN-dagen, mangfald
-21.10 FORUT hentekaffi.
-30.10 Fagdag for personalet.
Barnehagen er stengt

November
- Foreldresamtalar i starten av november
- v.48 Førebuing til jul og adventstid



Desember
-01.12 Skifte batteri i røykvarslarar.
-3.12 Barna sitt julebord.
-11.12 Luciafeiring m/foreldre + syskjen
-17.12 Nissefest.

Januar
- 04.01 Oppstart - godt nytt år!



Februar
- 5-6.02 Samefolket sin dag
- 11.02 Karneval
- Vinteraktivitetsdag

Mars
- Foreldresamtalar for Gaupene
- 10.03 Barnehagedagen
- 10.03 Fagdag (barnehagen er stengt)
- 19.03 Rockesokk (21.03)
- 18.3 Barna sin påskelunsj.
Påske 24.03-29.03

April
- Friluftsveke



Mai
- Foreldresamtalar.
-07.05 Planleggingsdag. Bhg. er stengt.
-v.19 Ryddeaksjonsveke.
-14.05 Øve til 17.Mai.
-28.05 Fotballtrøyefredag.

Juni
- Avslutningstur for Gaupene
- Sommarfest



Juli
- Feriestengt veke: (28-29-30)

Trollsletta barnehage har særskilt fokus på uteliv. Barna si trong om kunnskap, rørsle og fellesskap skal stettast gjennom aktiv bruk, positive og varierte opplevingar i naturen.

Personalet i barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som en arena for leik og læring.



TROLLSLETTA - EIN UTELIVSBARNEHAGE

Trollsletta er en utelivsbarnehage der vi store delar av dagen er ute, anten på eige område eller ute på ulike turar i nærmiljøet. Ofte er ikkje destinasjonen på turen målet, men sjølve opplevinga av å vere på tur i eitt fellesskap med andre. Vi skal ha tid til å stoppe opp, undre oss over det vi ser og opplever saman. Dei tilsette er lydhøyre for barnas interesser og saman lærer og tileignar vi oss kunnskap om alt vi møter på vår veg. Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen.

For berekraftig utvikling skal barna lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Gjennom turar og friluftsopplevingar vil vi legge til rette for at barna opplever nærmiljøet og omgjevnadane rundt seg som ein arena for leik, undring, utforsking og læring gjennom heile året.



TRUDE LOTHE BJØRNESET,
STYRAR/DAGLEG LEIAR




MARTE DRABLØS AUGUSTE,
PEDAGOGISK LEIAR



SILJE VALSETH,
PEDAGOGISK LEIAR



HANNA LUNDEBREKKE
BARNEHAGELÆRAR



TONJE URKEGJERDE,
ASSISTENT



STINE MARITA PETTERSEN,
BARNEHAGELÆRAR



AIZA KOPPERNES,
ASSISTENT/VIKAR



KAJA SKATVEDT ROBAK
ASSISTENT

SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDA TIL RAMMEPLANEN

Rammeplanen for barnehagen, innhald og oppgåver
Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse.

Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng og vere en gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.

Leiken skal ha en sentral plass og dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barna si interesse for fagområda skal stimulerast og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar.

Dei 7 fagområda i rammeplanen:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Tal, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

FAGOMRÅDET: KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Gjennom dette fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Personalet skal invitere til utforsking av både munnleg språk og skriftspråk.

Nynorsk i barnehagen.
Vi har ekstra fokus på å nytte nynorsk i barnehagen gjennom songar, gjennom bøker, rim og regler. Vi ser dette som viktig for å styrkje språkforståinga, byggje identitet og førebu barna på skulekvardagen.



Slik jobbar vi:

- Vi skaper varierte språkmiljø, t.d. ved å henge opp bileter til tema for å stimulere til samtalar.
- Dei tilsette er gode språkmodellar.
- Gjennom å lese bøker, syng songar, samlingsstunder rim og regler ynskjer vi å styrke språkutviklinga.
- ASK, alternativ supplerande kommunikasjon. Avgjerande for nokre, bra for alle.
- Gode samtalar under måltid og i kvardagen
- Brukar språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som en reiskap til å løyse konfliktar. Vi badar barna i språk, for å konkretisere og gje nye omgrep.

FAGOMRÅDET: KROPP, RØRSLE, MAT, OG HELSE

Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut i frå eigne føresetnadar.

Slik jobbar vi:

- Vi legg til rette for varierte rørsleerfaringar ute og inne, heile året. Turar, ulike turmål, hinderløyper, stadion, campus.
- Vi fyl kosthaldsrettleiingar i høve mat og måltid. Måltida skal vere variert og sunne. Frukt og grønsaker til alle måltid, kvar dag. Barna deltek i matlaginga og får kjennskap til ulik mat og tilbereding.
- Gje barna gode hygienevaner og øve på dogåing i barnehagen.
- Vi legg til rette for at barna opplever, vurderer og meistrar risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar.
- Vi øver på å setje grenser for eigen kropp og respektere andre sine grenser.



FAGOMRÅDET: KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rett for samhøyrsle og kreativitet ved at barna saman frå oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Arbeid med fagområdet skal stimulere nysgjerrigheit, utvide forståing og bidra til undring, undersøkelsar, utprøving og eksprementering.

Slik jobbar vi:

- I formingasaktivitetar har vi fokus på at det er ikkje produktet som er viktig, men prosessen.
- Vi har varierte formingsoppgåver som fremjer skaparglede. Vi jobbar med ulike materiale, teknikkar og strukturar som kan bidra til å stimulere dei taktile sansane, samt at barna for utfolde fantasien sin.
- Vi dansar, syng, lyttar til musikk gjennom kvardagen.



FAGOMRÅDET: NATUR, MILJØ & TEKNOLOGI



Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling.

Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eitt mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.

Slik jobbar vi:

- Vi har eit mangfald av varierte turar i nærområdet og gode friluftsopplevingar året rundt.
- Vi formidlar kunnskap kring dyr og dyreliv.
- Vi samtalar med barna kring sporlaus ferdsel når vi er på tur. Vi lærer oss å bli glade i, vise respekt for og ta vare på naturen rundt oss.
- Bevisstgjering kring kjeldesortering og å lære oss å ta vare på leiker og anna utstyr vi har i barnehagen.
- Fokus på årstidene vi er i. Fyll med på forandringane som skjer i naturen kring oss.

FAGOMRÅDET: MENGD, ROM OG FORM

Fagområdet handlar om å oppdage utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet.

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, telljing og mønster. Det handlar også om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysningar.

Slik jobbar vi:

- Vi har ulike formingsaktivitetar, ute og inne, gjennom heile året.
- Skuleførebuande aktivitetar i Gaupegruppa
- Vi arbeider med ulike eventyr, spelar spel, og leikar regelleikar som gir kjennskap og erfaring til ulike matematiske begrep
- Sortering stor-liten, høg-lav, mm.
- Vi har hinderløype for å utvikle romkjensla.



FAGOMRÅDET: ETIKK, RELIGION & FILOSOFI

Fagområdet skal vere med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnmandat og verdigrunnlag i eitt samfunn som er prega av livssynmangfald.

Slik jobbar vi:

- Vi har filosofiske samtalar med barn, både planlagde og spontane.
- Vi markerar jul og påske. Vi er med på julevandring og påskevandring i kyrkja.
- Vi gjev barna kjennskap til andre religionar som kan vere presenterte i barnehagen, og markerer relevante høgtider.
- Vi har fokus på respekt, toleranse, likeverd for medmenneske.



FAGOMRÅDET: NÆRMILJØ & SAMFUNN

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidratil å gjere barna kjende med eige nærmiljø, samfunn og verda.



Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er en del av fagområdet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaringar med å lytte, forhandle og få gryande kjennskap til menneskerettane.

Slik jobbar vi:

- Turar til ulike mål i nærområdet.
- Vi har prosjekt arbeid med “FORUT” der vi jobbar med mangfald og kjennskap til barn i andre land
- Vi markerar samefolkets dag.
- Synleggjering av dei ulike nasjonane barna kjem frå.
- Turar til biblioteket og omsorgssenteret.

LIVSMEISTRING OG HELSE

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon, og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Vidare skal barnehagen bidra til at barn trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barn kan få prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap.

For at barnet skal oppleve tryggleik og livsmeistring i barnehagen er tilvenningsfasen viktig for oss, både når barnet skal starte i barnehagen og når dei byter gruppe. I Trollsletta reknar vi oss som en avdelingsfri barnehage som arbeider i mindre grupper i kjernetida, men er samla ellers på dagen.



På denne måten blir ikkje dagane så overveldande for barna, samstundes som at dei blir kjend med og har moglegheit til å bygge relasjonar med alle barn og tilsette. For at barna skal kjenne seg trygge i barnehagen er det viktig at dei klarar å knytte relasjonar med trygge vaksne.

TRYGGLEIKSSIRKELEN (COS)

"Tryggleikssirkelen" er eit verktøy som byggjer på tilknytingsteori og forsking. Her er fokuset å byggje trygge, gode og sterke relasjonar mellom barn og vaksne. Trygghetssirkelen hjelper oss til å forstå kva som ligg bak barna si atferd.

Vi må forstå kva barna har behov for at vaksne gjer, både når dei utforskar verda, og når dei trenge tilknytning i form av nærleik, beskytting, trøyst og merksemd. Personalet i Trollsletta er kursa innanfor Circle of Security (COS). Volda kommune brukar også å tilby foreldrekurs i COS nokre gongar i året.



ÅRSTEMA: DYRA I HAKKEBAKKESKOGEN



I år som i fjor har vi "Dyra i Hakkebakkeskogen" av Torbjørn Egner som årstema. Vi tek med oss erfaringane vi gjorde oss i fjor og jobbar tverrfagleg med fagområda i Rammeplanen inn mot forteljinga.



Gjennom temaarbeidet vil vi jobbe med vennskap og fellesskap, natur og miljø, tilhøyrsle og mangfald. Vi vil knytte inn fagområda i rammeplanen på ulike måtar som til dømes formingsaktivitetar, leik, turar, songar og mykje meir.

I februar, når det er karneval, vil vi i år ha "Dyra i Hakkebakkeskogen" som tema samt barna skal lage sine eigne kostymer. Meir informasjon om dette vil kome når det nærmar seg. Men tanken er at barna tek med ei tskjorte som dei kan male på, klippe i og her er det berre fantasien som sett stoppar. Dette er både kreativt og berekraftig.

Vesle Morten Skogmus seier det slik:

Vi kunne ha det godt her i skogen om alle var vener
og dei store lot dei små være i fred.

Så kunne dei store hjelpe dei små, og dei små hjelpe dei store, for det er mykje vi små kan, som dei store ikkje kan.



ÅRSTEMA I FIRE DELAR






August – oktober:
Vennskap, fellesskap og mangfald.

Oktober – desember:
Verdsrommet



Januar – mars:
Dyra om vinteren



April – juli:
Småkryp og fuglar



FRÅ YNGST TIL ELDST


Trollsletta er ein avdelingsfri barnehage, og vi ser alle barna som ei einheit. Barna er saman store delar av dagen og vi har fleire aktivitetar og gruppedelingar på tvers av aldersgruppene. På denne måten dannar vi gode relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen.



Samstundes er vi bevisste på at barna har ulike behov i ulik alder. Vi har difor også aldersinndelte grupper. Såleis opplever vi å få god kontakt med kvart enkelt barn og moglegheit for betre tilpassing av det pedagogiske arbeidet på barnas premisser. Vi ser det som viktig at det er en progresjon i innhaldet som barna opplever, frå barna byrjar i barnehagen som 1-åring til barnet er 5 år og "Gaupe".

I barnehagen skal alle barn erfare at dei er viktige for fellesskapet og vere i sosialt samspel med andre barn og vaksne.

MUSEGRUPPA



Musegruppa består av dei heilt nye og aller yngste barna, samt dei som har gått i barnehagen eit år. På denne gruppa er omsorg, rutiner og stell viktige stikkord når vi jobbar med å lære å gå i barnehagen.

Dei aller yngste barna kjem alle med sine utgangspunkt inn i barnehagen, og skal bli ein del av eit større fellesskap og ei gruppe. På Musegruppa er vi mykje på golvet, i sandkassa og på bakken, med dei vaksne tett på for å bygge trygge, tette og gode relasjonar. Slik får vi eit godt grunnlag for ein god barnehagekvardag.

Rutinene er barna si klokke og kompass, og hjelper dei å orientere seg i kvardagen. Dei skaper gode rammer og tryggleik for dei yngste barna. Song, rim, regler, utforsking og eksperimentering av ulike materiell og prosessar, smaking av ny mat, samt det å bli kjend med vind, regn, sol, snø, sølepyttar, meitemarkar er mellom anna det som formar kvardagen på Musegruppa.

Når barna byrjar på storbarnsgruppa har dei allereie erfaringar med å leike og samhandle med dei eldre barna. Overgangen frå småbarn til storbarn vert difor ikkje så stor. Fokuset vårt er å skape ein overgang som er god, trygg og forutsigbar.

EKORNGRUPPA



Barna på Ekorngruppa er 3-åringane våre. Vi ynskjer å gje desse barna tid til gjere eigne erfaringar, jobbe med sjølvstende og utvikle den sosial kompetansa. Vennskap og gode relasjonar er viktige for at barn skal vere trygge og utvikle seg på en god måte.

Barnehagen skal leggje til rette for eit inkluderande fellesskap og heilskaplege læringsprosessar. Barn lærer gjennom kroppen og vi legg til rette for fysisk utfaldelse i høve alder og utvikling.

REVEGRUPPA



I denne gruppa er 4-åringane våre. I denne alderen utviklast mellom anna barnet si evne til sjølvregulering, samt emosjonelle og sosiale ferdigheiter. Vi ynskjer å gje barna vertøy til konfliktløysing, samarbeid med andre og øving på det å vere i ei gruppe.

Vi støttar barna i å ta andre sitt perspektiv, setje eigne grenser for seg sjølve samt respektere andre sine grenser. Leiken er viktig for alle barn. Humor, glede, spenning og engasjement gjennom leik er viktig for barna si allsidige utvikling.

GAUPEGRUPPA



Gaupe er dei eldste barna i barnehagen. Det å vere eldst i barnehagen inneber at barna får litt meir ansvar og andre oppgåver enn dei barna som er yngre. Vårt fokus for denne gruppa er å øve på sosial kompetanse, vere en god venn, å vere gode førebileter for dei andre og øve på sjølvstende i kvardagsaktivitetar.

Gaupegruppa har eigen gaupeklubb annakvar veke. Her er det fokus på ulike samarbeidsoppgåver som kan vere med på å styrke samhaldet i gruppa, samt øve på konsentrasjon, turtaking og skuleførebuande aktivitetar. Barna får kjennskap til bokstavar, tal, former og sortering. Vi har også samarbeid med Røysmarka studentbarnehage og har faste møtepunkt der skulestartarane møtes for leik og aktivitetar.

Dei eldste barna skal få høve til å glede seg til å begynne på skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eitt godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen.

Til sommaren har vi som ei markering på at tida i barnehagen snart er slutt, en tur i nærområdet med fokus på samarbeid, vennskap og å ha ei koseleg stund saman.

BARN SI MEDVERKNAD

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen jamfør Barnehagelova §§1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art.12 nr.1.

Barns medverknad omhandlar å ta barns initiativ på alvor. I arbeidet med å leggje til rette for at barna skal kunne få medverke, er det en grunntanke i Trollsletta at dei tilsette er observante og tek barna sine interesse vidare i planlegging og tilrettelegging av pedagogiske aktivitetar. Vi ynskjer å arbeide ut i frå tankane og innspela til barna. Barna skal få moglegheit til aktiv deltaking i eigen kvardag og barnehagen si verksemd.



LEIK

Leiken skal ha en sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Vidare skal leiken vere en arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.
Barn lærer gjennom leik og barn leikar gjennom læring. I Trollsletta ynskjer vi at barna skal oppleve eitt inkluderande miljø der dei kan delta i leik og erfare glede i leiken.



Vi veit at leik kan stimulere alle sider i barn si utvikling. Dette gjeld språk, sosial, emosjonell, kognitiv og motorisk utvikling. I leik utviklar barnet kreativiteten sin, problemløysningsevna og barnet lærer om korleis verda fungerar. Dei tilsette i Trollsletta ynskjer å leggje til rette for både tid, rom og variert leikemateriale for å inspirere til allsidig leik.

VENNSKAP, FELLESSKAP, MANGFALD, OMSORG OG DANNING

I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne.



I Trollsletta ynskjer vi å støtte barna sine initativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner. Ein viktig del er å støtte barna i å ta andre sine perspektiv, reflektere over andre og eigne kjensler, opplevingar og meiningar.

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Vi ynskjer å nytte mangfaldet som en ressurs i det pedagogiske arbeidet, samt synleggjere variasjonar i verdiar, religion og livssyn.

Vidare er arbeidet med å synleggjere eitt mangfald i familieformer og syte for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen.

SOSIAL OG EMOSJONELL KOMPETANSE

Sosial kompetanse omhandlar dei ferdigheitene som barna tek i bruk når dei skal samhandle med andre. Emosjonell kompetanse er evne til å gjenkjenne og regulere kjensler.

Barn utviklar sosial kompetanse først og fremst gjennom kvardagslege møter og i uformelt samspel med andre, til dømes gjennom leik.

Rammeplanen for barnehagen seier at sosial kompetanse er ein føresetnad for å kunne fungere godt saman med andre og omhandlar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel.

I Trollsletta ynskjer vi å støtte barna sine initiativ til samspel og leik. Dette kan vere å hjelpe barna i kommunikasjon og legge til rette for gode leikemiljø som inviterar til leik og samspel. Ved å vere nærverande og gode førebilete vil personalet gi barna verktøy for korleis finne løysingar i konflikter, samt at barna lærer å setje grenser for seg sjølv og respektere andre sine grenser.



SAMARBEID MED HEIMEN

"*Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova §1.*"

Foreldremøte: Foreldremøte blir avholdt om hausten, før 15. september.

Foreldresamtalar: Alle får tilbod om to foreldresamtalar i løpet av barnehageåret, ein på hausten og ein på våren. Temaet vil vere barnets utvikling og trivsel, leik og læring, vennskap og det er rom for at foreldre kan ta opp saker. Det er også mogleg å be om samtale utanom desse tidene. Det er pedagogisk leiar i kvar gruppe som er ansvarlege for samtalane.

Dugnad: Vi har to dugnadar i løpet av året. Ein på haust og ein på våren. Styret er ansvarleg og vedtek en plan for dugnad for alminneleg oppussing og vedlikehald ute og inne. Dugnadsansvaret er knytt til den enkelte plass i barnehagen. Føresette som nyttar barnehageplass pliktar å delta minimum 6 timar på dugnad som blir arrangert av styret pr. barnehageår.



SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR

Vi gjer merksam på at personalet ikkje kan ta opp problemstillingar med namngjevne barn i desse instansane uten samtykke frå foreldre. Barnevernet er unntatt dette.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).
Er ei offentleg rådgjevande og sakkunnig instans som hjelper barnehagar, skular og vaksenopplæring med å leggje til rette for barn, unge og vaksne når det er behov for særskild hjelp og støtte.

Helsestasjon
Ved behov har vi samarbeid med helsestasjon for å sikre heilheitleg oppfylging av barnet si helse, trivsel og språkutvikling. Vi har også kontakt med helsestasjonen i høve epidemiar, helse og hygiene i barnehagen.

Logoped
Logoped kontaktast når barn har ulike former for kommunikasjonsvanskar som til dømes vanskar med stemme, språk og talevanskar.

Spesialpedagog
Spesialpedagogen legg til rette for gode læringsvilkår for barn som har særskilte læringsbehov.

Tverrfagleg samhandlingsgruppe (BTI) for barnehage og skule
Barnehagen har 4 faste møtepunkt i året med PPT, barnevern, helsestasjonen og koordinator for støttetiltak i Volda. Desse møtepunkta er til for at en skal sikre gode tverrfaglege samarbeid slik at barn og unge får eit heilskapleg og godt tilbod.

Barnevernet
I henhold til lov om barnevern har barnehagen meldeplikt ved mistanke om omsorgsvikt og barnemishandling. Dei kan også bistå i familiar i krevjande livssituasjonar.

Grunnskule
Vi har plan for samarbeid i høve overgang barnehage-skule.

Barnehagen er foreldreeigd. I styret er det to frå dei ansatte, der styrar alltid er med, og tre føresatte + vara. Styreleiar velgast for så lenge den har barn i barnehagen, medan styremedlemmer velgast for 2 år i gongen. Då sikrar ein kontinuitet og også ein god overlapp mellom medlemmer.

Styret 2026/2027 består av:
Kristina Juul Jørgensen, styreleiar
Vilde Moltudal Igland, styremedlem
Magnus Tødenes, styremedlem
Ingrid Marie Strand, styremedlem
Magne Martin Røkkum (vara)

Frå dei tilsette:
Tonje Urkegjerde, styremedlem
Trude Lothe Bjørneset, styrer

Styret har ansvar for at barnehagen vert drifta godt og skal ha økonomisk innsikt og medbestemelse når større pengesummar skal nyttast. Til dømes ved kjøp av leikeapperat eller større vedlikehald. Vidare skal styret ha innsyn ved tilsetting av nytt personale. Det er styret som har ansvar for å arrangere dugnad to gongar i året.

Styret fungerar også som barnehagen sitt samarbeidsutval (SU).

DOKUMENTASJON OG VURDERING

I barnehagen er dokumentasjon og vurdering viktig for å kunne gje eit tilrettelagt tilbod til barna, og for å sikre trivsel og utvikling. Dokumentasjon kan vere mellom anna observasjonar, notat til bilder. Vurdering handlar om å analysere og tolke informasjon for å tilpasse det pedagogiske arbeidet.

Dokumentasjon er ein systematisk måte å samle inn informasjon om barna si utvikling, leik, samspel og læring i barnehagen. Det kan vere observasjonar, tekningar og konstruksjonar som barna lagar, informasjon og tilbakemeldinger frå foreldre, og barnehagen sine planar og dokument som viser barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Vurdering er prosessen der personalet analyserer og tolkar den innsamla dokumentasjonen for å forstå barna si utvikling, tilpasse det pedagogiske arbeidet og evaluere barnehagen sin praksis.



TROLLSLETTA BARNEHAGE

TRYGGLEIK GJENNOM
LEIK OG UTELIV